

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

### ORIENTERINGAR

#### Jernbaneverket v/Lars Christan Stendal orienterte om fylgjande saker.

**KVU Arna – Voss.** Innstilling frå JBV og Statens vegvesen vert sendt til departementet i løpet av våren. Saka vert deretter sendt ut på høyring.

**Ringeriksbanan.** JBV har fått i oppdrag å starta planarbeid med sikte på at prosjektet skal realiserast. Planarbeidet vert styrt frå Bergen. Det vart orientert om planutfordringar og planopplegg med mogeleg byggjestart i 2020.

**Lokalisering av nytt logistikknutepunkt i Bergen.** Det vart orientert om planane for nytt logistikknutepunkt. På kort sikt er det aktuelt å utnytte Nygårdstangen på ein meir effektiv måte enn i dag. JVB ventar på oppdragsbrev frå departementet som inneber at det skal utredast eit nytt logistikknutepunkt som og omfattar hamn.

**Raunefjordens Venner v/ Arne T. Faanessen, Jens-Kristian Hansen, Lars Kristoffer Lie og Arvid Ask** la fram kritiske synspunkt på planane om utbygging av ny hamn i Fleslandsområdet.

#### Nytt frå Skyss

Oddmund Sylta orienterte om fylgjande saker:

- Skuleskyss på Stord,- auka kapasitet på 2 ruter med stort innslag av skuleelevar.
- Trafikktala for 2013.
- Utviklinga i salskanalar og mobilbillettering.
- Planane for realisering av WEB-løysing.
- Utviklinga i bruken av den nye Skyss-appen.

**Jostein Ljones** stilte spørsmål om kvifor studentrabatt på einskildbillett var teke vekk, og kva det vil kosta å ta den inn att.

**Pål Kårbø** synte til at veksten for Bybana var på heile 14,1%, og stilte spørsmål om tala for tidlegare år har vore feil.

Oddmund Sylta opplyste om at ein står inne for dei tala som er oppgjevne for det einskilde år.

**Atle Kvåle** synte til at det var opplyst at ferjesambandet Hatvik-Venjanaset hadde 24 innstilte avgongar i 2013. For dei som reiser til dagen verkar det som om dette talet er for lite. Han stilte difor spørsmål om kven som rapporterer desse tala.

Oddmund Sylta opplyste om at ein får desse tala frå operatøren.

**Alf Helge Greaker** stilte fylgjande spørsmål.

Då samferdselsutvalet behandla prinsippa til nye anbudskontraktar for snøggbåtsambanda, blei det vedteke at det skulle vere mobile billett- og kortlesarar ombord. Dette var mellom anna for å unngå at passasjerar skulle sleppe å stå og løyse billett i open sjø. Serleg med omsyn på eldre ville dette vere eit tiltak for å unngå uhell. På Sunnhordland-sambandet er ikkje dette på plass, og blir etterlyst av passasjerane.

Når får ein på plass ei løysing med mobil kort/billettmaskin, som gjer at slepp å stå og løyse billett/betaling i open sjø?

Ein kjem attende med skriftleg svar på dette.

**Stein Inge Ryssdal** stilte spørsmål om kvifor det ikkje er montert sanntidsinformasjon på Torget.

Oddmund Sylta opplyste om at dette vil vera på plass i løpet av sommaren.